




Søknad om konsesjon for bygging av Stølselva kraftverk.

Stølselva kraftverk SUS



NVE - Konesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

30.09.2014

Søknad om konsesjon for bygging av Støselva kraftverk

Støselva kraft SUS ønskjer å utnytte vassfallet i Støselva elva i Førde kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Støselva kraftstasjon

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Støselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing



Kåre Aasebø
Åsane
6800 Førde
Tlf 47 07 00 81

Samandrag

Støselva kraft SUS er eit selskap som er eigd av fallrettseigarane til det aktuelle fallet i Støselva mellom kote 445 og 135. Fallrettseigarane har i dag jordbruk som hovudnæring, og ønskjer å bygge eit felles kraftverk for å utnytte dei verdiar som eigedommane har. Dette vil gi jordbruket fleire bein å stå på og vere med på å sikre næringsgrunnlaget og busetnaden på Åsane.

Inntaket til kraftverket ligg på kote 445 i Støselva. Dette er like nedstrøms brua over til Indreåsstøylane. Ein vil nytte den eksisterande vegen til Indreåsstøylane for tilkomst til inntaket og for transport av røyr og massar i samband med kraftverket. Det er fjell i dagen ved inntaket, og ein vil bygge ein 12m lang inntaksdam i betong som blir 3-4 m høg på det høgste. Det må byggast 40m ny veg for tilkomst til inntaket.

Frå inntaket til kraftstasjonen vil røyrgata bli ført ned langs den eksisterande traktorvegen på austsida av elva. Røyrgata blir 700mm med ein kombinasjon av GRP røyr på toppen og duktile støypejernsrøyr på resten. Røyrgata blir greve ned på heile strekninga. Ein må rekne med å skyte grøft på store delar av traseen, då det er ein del fjell i dagen mange stader. Røyrgata vil gå gjennom blandingskog med plantefelt for gran på den øvste delen, medan siste del vil gå gjennom kulturlandskap fram til kraftstasjonen som ligg på innmark, ca 200m oppstrøms samløpet med Åsavatnet.

Kraftstasjonen blir tilpassa lokal byggeskikk og får maskinhall, kontrollrom og traforom. Det blir lagt vekt på tiltak for å redusere støy frå pelton turbina og viftestøy frå avtrekk. Kraftstasjonen blir ca 70 m² og det må byggast 200m ny veg fram til bygget. Det vil bli installert ein 4-6 stråles pelton turbin på 2,2MW med ein simulert produksjon på 6 GWh. Straumen blir ført ut via ein jordkabel på 500m til den eksisterande 22kV kraftlinja som forsynar Åsen.

Den biologisk kartlegginga visert at det finst streiffugl som er raudlista i tiltaksområdet, samt streifdyr av Gaupe og Oter (Åsavatnet). Konklusjonane i denne rapporten er at omfanget er satt til middels negativt, medan konsekvensen er satt til middel til liten negativ. Ingen lokalitetar er verna, eller foreslått verna, i medhold av naturvernlova innanfor planområdet eller nedbørfeltet, og det er heller ikkje identifisert verdifulle kulturlandskap. I Askeladden databasen er det ikkje avmerkt automatisk freda kulturminne i dette området. Skogeigarlaget har kartlagt området (MISS) og merka av ein lokalitet med gamal granskog (F08) vest for traseen mellom kote 340 og 370

Åsavatnet blir nytta ein del til friluftsliv, det vert plukka ein del bær og sopp i området langs elva/stølsvegen, og det er ein del som går frå indre Åsen til Sandegga. Det kjem ein sjeldan gong elveaure i Støselva som har kome ned frå Litlevatnet i flaumperiodar. Nedre del av elva, opp til utløp av kraftstasjon er eit viktig gyteområde for elveaure, men ved avløpet frå kraftstasjonen er botnsubstratet noko grovt for gyting.

Støselva er lite synleg i terrenget, og inngrepet vil difor ikkje forringe landskapet i nemneverdig grad.

Det er søkt om minstevassføring på 20 l/s heile året, tilnærma lik 5 persentilen for vassdraget om vinteren.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Om søkjaren.....	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	5
1.4	Dagens situasjon og noverande inngrep.	7
1.5	Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag	8
2	Omtale av tiltaket.....	8
2.1	Hovuddata	8
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	9
2.3	Kostnadsoverslag	21
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	21
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	22
2.6	Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar	22
2.7	Alternative utbyggingsløysingar.....	23
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	23
3.1	Hydrologi (verknader av utbygginga).....	23
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	26
3.3	Grunnvatn, ras, flaum og erosjon	26
3.4	Raudlisteartar	28
3.5	Terrestrisk miljø	29
3.6	Akvatisk miljø	29
3.7	Flora og fauna	30
3.8	Landskap	30
3.9	Kulturminne.....	32
3.10	Jord- og skogressursar	32
3.11	Ferskvassressursar	33
3.12	Brukarinteresser	33
3.13	Samiske interesser	33
3.14	Reindrif	33
3.15	Verknadene på samfunnet	34
3.16	Konsekvensar av kraftliner	34
3.17	Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr	34
3.18	Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar	34
3.19	Samla vurdering	34
3.20	Samla belastning	35
4	Avbøtande tiltak.....	36
5	Referansar og grunnlagsdata.....	36

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Stølselva kraft SUS er eit selskap under stifting med føremål å bygge ut og drive Stølselva kraftverk på Åsen i Førde kommune. Selskapet er eigd av fallrettshavarane på den aktuelle strekninga i elva. Kraftverket vil nytte fallet mellom kote 445 og 135. Kontaktperson for tiltaket er Kåre Aasebø, eigar av gnr. 49, bnr. 1. Postadresse Åsane, 6800 Førde, telefon 47 07 00 81. E-post kare.asebo@eninvest.net


1.2 Grunngeving for tiltaket

Fallrettseigarane ønskjer å unytte dei naturgitte ressursane på eigedommane til å styrke næringsgrunnlaget til jordbruket og dermed sikre framtida i bygda. Ei berekraftig utnytting av vassressursen vil gi jordbruket fleire bein å stå på og vere med på å auke produksjonen av rein fornybar energi i Noreg.

Tiltaket har ikkje vore vurdert etter vassdragslova tidlegare.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg i Førde kommune i Sogn og Fjordane. Stølselva startar i fjellområde mellom Viksdalen og Holsa og renn ut i Åsavatnet som er ein del av Holsengreina av Jølstravassdraget (084.Z) . Tiltaket ligg i Vassdragsnummer 084.CA3. Elva renn ut på sørsida av Åsavatnet der også bygda Åsane ligg. Her er det 10 gardsbruk i drift i dag. Herifrå er det 14 km vestover til kommunesenteret Førde. Førde kommune har 11800 innbyggjarar, og 75 % av desse bur i Førde by.



1.4 Dagens situasjon og noverande inngrep.

Nedbørsfeltet til Støselva startar ved Sandegga på 1090 moh. Elva renn nordover nedetter til Indreåstølane og Nervelia på kote 466moh. På Indreåstøylane er det 13 stølshus og hytter. Det er bygd privat traktorveg opp til Indreåstøylane på kote 445. Over kote 600/700 er det i hovudsak snaufjell, medan det er plantefelt for gran og blandingskog som pregar liene frå stølane og ned i bygda. Elva renn vidare i ein relativ trong dal og renn ut i Åsavatnet ved Nedstevellene på kote 131. Mellom kote 200 og Åsavatnet er det kulturlandskapet som er dominerande. Har er det aktivt jordbruk av anten heiltidsbønder eller deltidbønder med jobbar utanfor bygda. Elveløpet er dominert av friske stryk og små fossefall som vekslar med mindre kulpar. I nedre og øvre parti er elva sin profil langt flatare. Elveleiet består i all hovudsak av grov elvegus, store steinar og fast fjell. Ein enkel stølsvei/traktorvei som går opp frå Indreåsane vest for planområdet, krysser Støselva i bru om lag kote 260. Her er og eit enkelt vassforsyningsanlegg som forsyner to hytter. Deler av planområdet er hogstområde, bl.a. et parti langs stølsveien aust for vassdraget. Planområdet vert beita av sau og kyr, sistnevnte kun i nedre parti.

Den nye 420kV linja mellom Fardal og Ørskog går gjennom dalen og kryssar den planlagde røyrkata. Frå før går 132 kV linja mellom Sande/ Hålandsfoss og Moskog gjennom bygda.


Oppstrøms Åsavatnet ligg Holsavatnet. Frå Åsavatnet renn vatnet vidare i Huldefossen som er eit kjent landskapselement i vassdraget . Etter Huldefossen renn Holsengreina saman med Jølstra ned i Movatnet. Sunnfjord Energi as har eit kraftverk som nyttar fallet mellom Gravvatnet (600moh) og Movatnet (40 moh). Frå Movatnet renn Jølstra vidare gjennom Brulandsfoss krv. som nyttar 20m av fallet mellom Movatnet og utløpet i Førdefjorden.



Figur 3: Støselva og Sandegga sett frå Eikåsnipa. Støselva midt i bilete (ikkje mulig å sjå), Åsavatnet til venstre og toppen av Huldefossen i nedre høgre billedkant. Vi ser også ein del av Jølstra i nedre bildekant.

1.5 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag

Gaularvassdraget sør for tiltaksområdet er verna, det same er Nausta som ligg eit stykke nord for Stølselva. I nabadalen mot aust er det bygd to kraftverk i Nydalselva (Stølslia og Nydal kry), medan det er gitt konsesjon til bygging av Holsen kraftverk som skal nytte fallet i Norddøla og ned til Holsavatnet i heilt aust i vassdraget. Rett vest for Stølselva ligg Mo kraftverk.



Figur 4: Kart over bygde og planlagte kraftverk i nærleiken

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Stølselva kraftverk, hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	5,6
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	14,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	80
Middelvassføring	l/s	450
Alminneleg lågvassføring	l/s	17
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	23
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	20
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	445
Avløp	moh.	135
Lengde på råka elvestrekning	km	1,4
Brutto fallhøgde	m	310

Gjennomsnittleg energiekvivalent	kwh/m ³	0,71
Slukeevne, maks.	m ³ /s	0,85
Slukeevne, min	m ³ /s	0,09
Planlagt minstevassføring (heile året)	m ³ /s	0,02
Tunnel, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	1370
Installert effekt, maks	MW	2,2
Brukstid	timar	2730

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	-
HRV	moh.	-
LRV	moh.	-

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,5
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,5
Produksjon, årleg middel	GWh	6

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	23,1
Utbyggingspris	kr/kWh	3,85

Stølselva kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	2,4 MVA
Spenning	0,69 kV

TRANSFORMATOR

Yting	2,6 MVA
Omsetning	0,69kV / 22 kV

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)


Lengd	0,6km
Nominell spenning	22 kV
Luftline el. jordkabel	jordkabel

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Hydrologi og tilsig

Nedbørsfeltet til inntaket på kote 445 er funne til 5,6 km². Nedbørsfeltet strekk seg frå Sandegga på kote 1090 og nordvendt nedover mot inntaket. Det er liten demping i feltet, og låg sjø prosent. Den nordvendte eksponeringa vil gjere at snøsmeltinga vil kunne trekke noko ut i tid, dette er gunstig for kraftverket. Det er 75 prosent snaufjell i nedbørsfeltet. Det er ikkje målingar i det aktuelle feltet, og ein har difor valt å nytte 80.4 Ullebøelvi i den vidare simuleringa av kraftverket.

Det er hydrologiske målingar i Holsenvatn i same vassdrag, men dette feltet er mykje større og har større sjøprosent og anna høgdefordeling en Stølselva.



Figur 5: Ulike nærliggande nedbørsfelt

80.4 Ullebøelv har eit nedbørsfelt på 8,3 km², og ligg i omtrent same høgde som prosjekt feltet. 80.4 Ullebøelv ligg ved Vadheim, 36km sør for Førde. Grunnleik for val av vannmerke er storleik, feltparameter og nærleik til vassdraget. Data som er nytta i simuleringa er frå 1964-2003.


Ullebøelva er skalert mot det aktuelle feltet med ein faktor på 0,54 for forskjell i avrenning og feltstorleik.

Middelavrenninga til Stølselva er tatt frå NVE sitt avrenningskart og er 60 l/s km² ved inntaket og 100 l/s km² på Sandegga. Vi reknar med 80 l/s km² som gjennomsnitt for feltet, noko som gir ei middelavrenning på 448 l/s.

Vi antek av vassføringa vil kunne variere mellom 10 l/s og 20 m³/s.

Restfeltet er funne til 2,17 km², og her ei middelvassføring på 126 l/s.


Plottet under viser resultatet av simulering av vassføring for Stølselva.



Figur 6: middelvassføring Stølselva fordelt over året. Fleirårsmiddel i svart, fleirårsmedian i grønt og fleirårsminimum i raudt

Stølselva har ei markert tidleg snøsmelting og kan ha relativt lite tilsig i dei turre periodane om sommaren. På hausten vil hyppige innslag av regnver gi raske og store flaumar. Seinare på vinteren kan ein få periodar med mildver og regn som gir snøsmelting i kombinasjon med regn.


Variasjon i årstilsig :



Figur 7: Variasjon i årleg tilsig.

Som ein ser av figuren over er det store forskjellar på årleg middeltilsig. Dette kan variere mellom 250 l/s til 700 l/s.

Varigheitskurve.



Figur 8: varigheitskurve Støselva

Ut i frå varigheitskurva har ein valt å dimensjonere kraftverket med ein slukeevne på 850 l/s som maksimum og 85 l/s som minimum. Dette tilsvarar 190 % av middelvassføringa.

Dette vil gi ei brukstid på full effekt på 2700 timar, og kraftverket vil kunne gå i 58% av tida i gjennomsnitt gjennom året etter varigheitskurva (5080 timar).

Produksjonen vil bli 6 GWh, der 58 % er sommarkraft og 42% er vinterkraft.

Vedlagt ligg skjema for ”Dokumentasjon av hydrologiske forhold for små kraftverk”, Vedlegg 5

Inntak.

Inntaket er planlagt plassert på kote 440, med topp damkrune på kote 445. Inntaket er plassert rett nedstrøms ei sidelv som kjem inn frå vest. Inntaket er trekt nedstrøms eit flatare parti nedanfor stølsområde for å ikkje påverke vannspeilet i dette området.

Inntaket vil bli utført i betong, med overløps lengde på ca 12m, total lengde på ca 20m, og arrangement for grovryst, finryst, ristrenskar, inntakskon, stengeventil og lufterøyr. Det vil bli utstyrt med arrangement for måling og slepping av minstevassføring. På røret for minstevassføring vert det sett ein elektromagnetisk vassmålar med display og moglegheit for avlesing og loggføring i stasjon. Det kan bli aktuelt med sperredammar på begge sider av betongoverløpet. Dammen vil påverke vannspeilet ca 30m oppstrøms, og oppdemt volum vert ca 600m³.

Det må byggast 40m ny veg frå den eksisterande traktorvegen til inntaket.



Figur 9: Eksempel på damtype som er tenkt brukt.




Figur 10: Inntaksområde kote 440

Røyrgate

Røyrgata blir 1370m lang og vil gå langs med den eksisterande traktorvegen ned til kote 270. Deretter vil rørgata bli ført rett ned lia og kryssar vegen til Slåttene på kote 160. Deretter langs høgre breidd på elva til kraftverket på kote 135.

Røyrgatea blir nedgraven på heile strekninga, og blir ein kombinasjon av GRP røyr på toppen og duktile støypejernrøyr på neste delen. Det kan også bli aktuelt med duktile støypejernrøyr på heile strekninga. Aktuelle dimensjonar er 700mm, eller ein kombinasjon av 700mm på toppen og 600mm på neste delen.


Røyrgatea fell med 12,5 grader i gjennomsnitt, og 24 grader på det brattaste.



Figur 11: Terrengprofil røyrgate

Røyrgatea går gjennom blandingsskog og plantefelt for gran, og det må ryddast ein trase på minimum 15m for at ein skal kunne klare å legge røra.

Det er fjell i dagen på store delar av strekninga, så røra vil bli lagt i fjellgrøft i desse partia. Etter anleggsarbeidet er slutt kan store delar av rør traseen gro att, då tilkomst til inntaket vil skje på den eksisterande traktorvegen.



Figur 12: Kart over rørgate, inntak og kraftverk.



Figur 13: Rørgate trase

Tunnel

Ikkje aktuelt.


Kraftstasjonen

Kraftstasjonen er plassert 140m ovanfor utløpet i Åsavatnet på kote 135. Området ligg på ei flate rett etter samløp mellom to løp av Stølselva/Sagelva. Frå kraftstasjonen renn vatnet i ein 5m lang avløpskanal ut i elva og renn herifrå i sitt opphavlige løp til Åsavatnet. Kraftstasjonen får ei grunnflate

på rundt 70 m², og får rom for turbin/generator, kontrollrom og høgspenning / trafo. Nødvendig areal til bygning og parkeringsplass er ca 1 mål. Tilkomst til kraftstasjonen blir via 200m ny veg i kant av rørgata frå veggen som i dag går til Slåttene.



Figur 14: Tomt for kraftstasjon



Figur 15: Prinsipp kraftstasjon

Kraftverket er planlagt med ei pelton turbin med 4-6 dyser og ein effekt på 2,2 MW. Generatoren blir ein synkrongenerator på 2,4 MVA på 690V. Dette er knytt til ein trafo på 2,6 MVA med omsetning 690V / 22 000 V.

Krafta blir ført ut til den eksisterande 22kV linja som i dag forsynar Åsane med straum via ein 580m lang jordkabel.

Kraftstasjonen blir utført i tunge materiale (betong) og får torv på taket. Det blir lydfeller i avløpskanalen frå kraftverket og på inn / ut lufting av stasjonshallen. Dette vil fjerne lyden frå avløpskanalen og sterk redusere lyd frå generator og turbin.

Vegbygging

I samband med kraftverket må det byggast 200m ny veg til kraftstasjonen og 40m ny veg til inntaket. Under anleggsdrifta vil ein nytte den eksisterande vegen til Indreåsstøylen. Neste delen av denne er oppgradert av Statnett til litt forbi brua over Stølselva. Øvste delen av vegen må oppgraderast noko for transport av betong og massar under anleggstida.

Ein midlertidig anleggsveg vil bli bygd langs etter røyrkata, men den vil det ikkje vere behov for når anlegget er avslutta. Lengde på anleggsveg blir ca 1500 meter.

Under drift vil ein nytte den eksisterande traktorvegen for å føre tilsyn med inntaket. Bredde på vegane vil vere 3-4 meter, og ein må rekne med å rydde i eit belte på 10 meter for å få plass til skjærings- og fyllingsskråningar.




Figur 16: eksisterande traktorveg

Nettilknytning (kraftliner/kablar)

Kraftverket blir knytt til nettet via ein 890m lang 22kV jordkabel frå høgspennet anlegget i kraftstasjonen og langs vegen fram til linja ved Indre Åsane. Dette anlegget skal byggast innanfor områdekonsesjonen til Sunnfjord Energi as.

Kundespesifikke nettanlegg

Kraftverket skal knytast til den eksisterande 22kV linja med ein TSLF95 kabel. Tilkoblinga til den eksisterande linja skjer anten ved nest siste mast før trafo til almennforsyning, eller ved ei oppgradering av nettstasjonen i endepunktet av linja.




Figur 17: Nettilknytning Stølselva kraftverk

Anna nett/ forhold til overliggjande nett

Det er i dag kapasitet på det lokale nettet mellom Åsane og Stakaldefossen, men det er fullt på det overliggjande nettet. I følgje netteigar er det ikkje mogeleg å knytte dette eller nokon andre småkraftverk til nettet før 420kV linja mellom Fardal og Ørskog er bygd. Denne er venta ferdig i 2016.

NVE – ressurskartlegging	Antal	MW	GWh
Samlet Plan 1000-9999 kW	65	306	1 241
50-999 kW under 3 kr	432	260	1 063
1000-9999 kW under 3 kr	299	658	2 693
Sum	796	1 224	4 997

Tabell 4 NVE ressurskartlegging, Tala er eksklusiv Gulen og 50% av potensialet i Høyanger.




Figur 12 Fylkesvis småkraftpotensiale (NVE)

SFE Nett har i samarbeid med andre nettselskap og ulike aktører i bransjen, søkt å kartlegge kva konkrete planar det vert arbeidd med i utgreiingsområdet. Basert på kartlagde planar for små og større kraftverk har vi utarbeidd tre scenarie for utbygging av vasskraft Med tidshorisont 2015 og 2025.

Kartlegging 2008:

Små kraftverk i D-nettet	Antal	MW	GWh
SFE kartlegging 2009			
I drift 2008	113	282	1 206
Under bygging / 2009	127	320	1 345
Konsesjon tildelt / 2010-2011?	149	385	1 576
Lav 2015	186	529	2 086
Mid 2015	205	601	2 341
Høg 2015 (alle konsesjonssøkte krafverk pr. 1/1-09)	223	673	2 596
Lav 2025	300	838	3 197
Mid 2025	361	1 012	3 838
Høg 2025	442	1 162	4 446

Tabell 5 Kartlagde planar (kraftverk i M&R som matar mot området er inkludert)



Figur 13 Historikk og utviklingsscenarie for kraftverk i D-nettet

Figur 18: utdrag frå regional kraftsystem analyse for Sogn og Fjordane

Massetak og deponi

Det er planlagt å ta ut massar nedanfor Indreåsstøylane til bruk som omfyllingsmasse under rørlegginga. Dette er vist på kart vedlegg 2. Det er ikkje behov for deponering av masse.

Køremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med vannstandsregulering på inntaksdammen. Kraftverket balanserar vannstanden på overløpskanten og tilpassar effekten etter tilsiget. Dersom tilsiget er under pålagt minstevassføring vil kraftverket stå, og heile tilsiget blir sleppt forbi inntaket. Dersom tilsiget er større enn minstevassføring og minste mulige vassføring til turbina (20l/s + 90 l/s = 110 l/s) vil kraftverket starte og sluke heile tilsiget utanom minstevassføring. Dette gjeld heilt til ein når største slukeevne på kraftverket (850 l/s). Når tilsiget blir større enn 870 l/s vil det bli overløp over dammen. Det er ikkje planar om effektkjøring av kraftverket.

2.3 Kostnadsoverslag

Støselva Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Inntak/dam	1,5
Inntakshus / Strøm til inntak / Risterenskar	0,6
Røyrgate (Graving / legging / røyr)	8,2
Kraftstasjon, bygg	2,0
Kraftstasjon, maskin og elektro	5,0
Kraftline	1,0
Transportanlegg	0,5
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,5
Anleggsbidrag Nett	0,0
Uventa	1,0
Planlegging/administrasjon.	2,0
Finansieringsutgifter og avrunding	0,8
Sum utbyggingskostnader	23,1

Prisnivå 2014.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil gi 6 GWh fornybar energi produksjon, fordelt på 58% sommarproduksjon og 42% vinterproduksjon.

Kraftverket vil styrke næringsgrunnlaget til fallrettseigarane og gi jordbruket fleire bein å stå på . Dette vil vere med på å sikre busetnaden på Åsen.

Eit lokalt eigd kraftverk er med på å auke den lokale kompetansen og interessa for lokal utnytting av resursane. Utbygginga vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar og underleverandørar slik at investeringa kjem det lokale næringsliv t til gode.

Ulemper

Tiltaket vil gi redusert vassføring mellom inntak og kraftstasjon. For å redusere konsekvensane av dette er det søkt om ei minstevassføring tilsvarande 5 prosentilen i vassdraget.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Kraftverket vil berre påverke eigedommane til dei som er medeigarar i kraftverket. Tabellen under viser arealbruken for dei ulike delane av kraftverket.

Anleggsdel	Midlertidig arealbruk	Permanent arealbruk
Inntak	1,0 Daa	0,5 Daa
Røyrgata	21 Daa	0 Daa
Kraftstasjon m/parkering	2 Daa	1 Daa
Kraftlinje	1 Daa	0 Daa
Nye Vegar	1 Daa	1 Daa
Sum	26 Daa	2,5 Daa

Eigedomsforhold

Prosjektet omfattar utnytting av fallet mellom kote 445 og kote 135 i Stølselva, samt nødvendige areal til røyrgate, kraftstasjon, vegar og nett. Alle fallrettseigarane mellom kote 445 og 135 har skreve under på møteprotokollen der er en er samde om å søke om konsesjon for dette prosjektet. Dette møtereferatet ligg vedlagt som vedlegg 6.

Grunneigarar med fallrett mellom kote 135 og 335:

Gr.nr , br.nr	Kommune	Navn
49/1	Førde	Kåre Joar Aasebø
49/2	Førde	Magnar Dagfinn Aasen
49/5	Førde	Ole Johan Aasen
49/7	Førde	Odd Norvald Aasen'
49/9	Førde	Eirik Olav Hallerud
49/14	Førde	Helge Jan Aasen
49/18	Førde	Trond Bareksten mfl

*Ny eigar frå og med 2013 er Odd Norvald Aasen, son til Olga.
Grunneigarar med fallrett kote 335 – 445 (Felles utmark) :

Gr.nr , br.nr	Kommune	Navn
48/1	Førde	Ole Johann Aasen
49/1	Førde	Kåre Joar Aasebø
49/2	Førde	Magnar Dagfinn Aasen
49/5	Førde	Ole Johan Aasen
49/7	Førde	Olga Kristine Aasen
49/9	Førde	Eirik Olav Hallerud
49/14	Førde	Helge Jan Aasen
49/18	Førde	Trond Bareksten mfl

2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar

Skildring av tiltaket sin status i forhold til:

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging er for Sogn og Fjordane vedteken i Fylkestinget 11.12.2012. Planen har registrert viktige landskap, verdifulle kvartærgeologiske forekomstar, viktige landskapselement osv. Stølselva er ikkje nemnd i regional plan for vassdrag

Kommuneplan

Tiltaket ligg i LNF område i kommunen sin arealplan. Dersom konsesjon blir gitt vil ein søke om dispensasjon i høve til denne planen.

Samla plan for vassdrag (SP)

Prosjektet er ikkje ein del av samla plan for vassdrag.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna i verneplanane for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Tiltaket er ikkje i konflikt med Nasjonale laksevassdrag.

Ev. andre planar eller verna område

Det er i samband med skogbruket merka av nøkkelbiotopar med gammal skog. Desse er viste på kart vedlegg 3.

EUs vassdirektiv

Vassdraget ligg i vassregion Sogn og Fjordane, vassområde Sunnfjord. Endeleg plan i dette område er ikkje utarbeidd.

2.7 Alternative utbyggingsløyningar


Det er ikkje utarbeidd alternative utbyggingsløyningar då det i dag er veg til støylen på den sida røyrgata er planlagd. Plassering av inntak og kraftverk er gjort med tanke på å ikkje påverke interesser negativt.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn


3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Stølselva har eit raskt nedbørsfelt med lita sjølvdemping. Snøsmeltinga og dei hyppige flaumane på haust og vinter dominerar biletet.


Variasjon i Vassføring



Figur 19: Vassføringsvariasjonar i eit tørt (1966) år (før og etter utbygging) Sjølv eit turt år er det relativt hyppegi overløp i perioden mars til november



Figur 20: Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit middels (1998) år (før og etter utbygging)



Figur21: Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit vått (1989) år (før og etter utbygging)

Restvassføring.

Restfeltet mellom inntak og kraftstasjon er funne til 2,17 km². NVE sitt avrenningskart gir eit middelavløp på 58 l/s km², noko som gir eit middeltilsig på 126 l/s. Mykje av dette tilsiget kjem inn i elva på kote 295 frå ei sydvestlig grov som har samløp med Stølselva her. Etter dette samløpet vil summen av minstevassføring frå dammen og resttilsiget gi god vassføring i elva. (sjå figur 20 over).

5 persentilen sommar er berekna til 26 l/s.

5 Persentilen vinter er berekna til 23 l/s.

Utifrå vurderingane over og plott over overløp søkjer vi om ei minstevassføring på 20 l/s , tilnærma 5 persentilen om vinteren heile året.

Alminneleg lågvassføring.

Alminneleg lågvassføring berekna av den skalerte serien med programmet E-tabell frå NVE :

Absolutt minste vannføring :	0.000 m ³ /s
Median lavvannføring i 350 dager :	0.022 m ³ /s
Alminnelig lavvannføring :	0.017 m ³ /s

Vassføring i høve turbina si slukeevne

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne	22	58	83
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne	207	133	86

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Det er ikkje venta nokon endring i lokal klima eller isforhold som følgje av utbygginga. Det er heller ikkje venta nokon signifikant auke i vasstemperatur som følgje av utbygginga då det er eig ganske stort restfelt som vil sikre god vassføring nedstraums inntak.

3.3 Grunnvatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta endringar i grunnvatnet som følgje av utbygginga.

Ifølge skredatlas frå NVE er det fare for jord- og flomskred i elveløpet frå like nedstraums inntak og ned til Åsvatnet, og ifølgje kartet er små deler av røytraseen under utløysingsområde for skred. For ca 10 år tilbake gjekk det eit lite leirskred over gardsvegen rett aust for der røyrgata kryssar vegen. Ved etablering av røyrgate vil det bli lagt vekt på å masseutskifte dei delane av røytraseen som måtte innehalde ustabile masser for å betre rasforholda for leireskred. Ingen stader i røytraseen har ein slik helning at det er naturleg at det skal gå ras, og det er ingen indikasjonar på at det i seinare tid har gått nokon form for ras av betydning, då det er tett skog i røytraseen.

Flaumar kan opptre heile året, der dei største og raskaste er flaumar med kombinasjon av regn og snøsmelting. Desse kan opptre frå oktober til januar.

Flaumane i dag skapar erosjon i terrenget frå Slåttebrua og nedover. Flaumane kan få elva til å endre løp på dei flate partia nedstrøms Slåttebrua, og skapar erosjon i elvebreddene. Kvernhusholmen er

utsett for erosjon, og mykje masse har blitt ført vekk frå dette området dei siste åra.



Figur 22: Bilete som syner erosjon, den raude streken syner elva slik ho gjekk for ca 10 år sidan



Figur 23: Bilete syner lokal erosjon i elva. Dette området kan også sjåast midt på førre bilete.

Ei kraftutbygging vil gjere at flaumvassføringa blir noko redusert i elva på denne strekninga. Vi reknar med at 950 l/s i kraftverket utgjer ca 10% av ein større flaum. Dette vil betre forholda noko i høve til erosjonsfaren. I den grad det er sedimenttransport frå oppstrøms inntaket ved flaum, vil tiltaket vere med å betre desse forholda då dammen fungerer som ein fangdam der sedimenta legg seg i bunnen på dammen.

3.4 Raudlisteartar

Det er utarbeidd ein eigen biologisk mangfaldsrapport frå Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkingar. Denne ligg ved som vedlegg 7.

Art	Status	Forekomst
Gubbeskjegg	NT- nær truet	Like øst for Stølselva, ca kote 260
Gaupe	VU- sårbar	Streifdyr
Oter	VU- sårbar	Sannsynlig streifdyr, finnes i Åsvatnet
Hønehauk	VU- sårbar	Streif- eller hekkefugl
Vipe	NT- nær truet	Kulturlandskapet
Strandsnipe	NT- nær truet	Åsvatnet og nedre del av Stølselva

Fiskemåke	NT- nær truet	Åsvatnet, nedre del av Stølselva og i kulturlandskapet
Stær	NT- nær truet	Streif- eller hekkefugl i kulturlandskapet

3.5 Terrestrisk miljø

Vurderinga tek utgangspunkt i rapport om biologisk mangfold. Området har typisk vestlandsnatur. Elva ligg godt skjult i skogen, nedre del av tiltaksområde består av beitemark. Øvre delar av tiltaksområdet består av utmark med blandingskog og plantefelt med gran. Konklusjonane frå BM-rapporten om biologiske verdiar knytt til det terrestriske miljøet i området er som følgjer.

Ingen trua vegetasjonstypar vart funne. Ingen raudliste soppar eller sjeldne artar vart påvist.

Av fugl vart det påvist Strandnipe, linerle og gråhegre. Det skal ifølge BM-rapporten vere sannsynleg at det finst Fossekallen i Stølselva, sjølv om grunneigarane ikkje er einige i dette. Av rovfugl og ugle finst det kongeørn, hønsehauk, kattugle og mulig også fjellvåk og spurvehauk. Det er også lirype og fjellrype i nedbørsfeltet til kraftverket. Det finst også spurvefugl, samt kråke, måse, meis, trost og fink i området.

Det finst hjort og det er satt ut to flokkar med rein. Elles er det hare, ekorn, raudrev, røyskatt og ulike smågnagarar i dalen. Av rovdyr kan ein ha streifdyr av gaupe.

Av krypdyr og amfibium førekjem huggorm, buorm og frosk i planområdet.

Skogeigarlaget har kartlagt området (MISS) og merka av to lokalitetar med gamal granskog (F08). Den eine ligg utanfor tiltaksområde, medan røyrsgata vil passere den andre som ligg mellom kote 340 og 370 aust for lokaliteten. Denne lokaliteten har fått lokal verdi i biologirapporten. Denne er no redusert som følge av Statnett si bygging av 420 kV-linja.

Det er ikkje funne nokon verdifulle naturområde innanfor influensområdet til prosjektet.

3.6 Akvatisk miljø

Det er bekkeare i Stølselva, og det har vore satt ut fisk i Litlevatnet på kote 676. Fisken er liten og den blir ikkje fiska på. Fisken som finst i elva er fisk som har sluppe seg ned frå Litlevatnet. Det er sannsynlig at aure frå Åsavatnet går opp frå vatnet og gyter i Stølselva på ei strekning på ca 100-200m frå Åsavatnet. Av den grunn er kraftstasjon lagt ca 250m frå Åsavatnet, og ovanfor gyteområdet

Under anleggsperioden vil ein kort periode kunne påverke elva under bygging av inntaket. Sjølve røyrsgate traseen går i all hovudsak godt aust for elvestrengen, og dette anleggsarbeidet vil ikkje kunne få nokon innverknad på fisk og ferskvatn biologi i elva.

Etter utbygginga vil det bli redusert vassføring mellom kote 445 og 295. Mellom 295 og 135 får elva inn store delar av restfeltet i ei grov som kjem frå sørvest. Minstevassføringa på 20l/s samt middelvassføringa i grova på 126 l/s vil gi god minstevassføring frå kote 295 til 135.

Etter kraftverket på kote 135 og ned til Åsavatnet blir vassføring som før. Det er på denne strekninga auren i Åsavatnet gyter i Stølselva.

3.7 Flora og fauna

Flora

Røyrgate traseen vil gå gjennom blandingsskog og plantefelt for gran. Ein må rydde ein trase på ca 20m bredde for å kunne legge røyr og ha plass til transport av masar og rør langs etter traseen. Under bygginga vil torva bli lagt til sides og skogen hogd ned.

Etter anleggsperioden er over vil terrenget bli arrondert og topp dekke lagt tilbake. Etter ei stund vil ny vegetasjon etablere seg i traseen og ny flora vil etablere seg. Skogen vil kunne reetablere seg i trassen.

Fauna:

Dyrelivet vil nok merke den auka aktiviteten i området, og halde seg vekke frå tiltaksområdet. Etter anleggstida er det venta at det ikkje blir endringar som følge av tiltaket.


3.8 Landskap

Området rundt Stølselva er i NIJOS-kategoriseringa plassert i region 22.14 Midtre bygder på Vestlandet. Typisk for denne regionen er avrunda paleiske fjellformer og store U-daler. Toppene rundt Stølselva er avrunda, og sett i store trekk er landskapet rundt Åsane ganske avrunda med jamt fallande terreng ned mot Åsvatnet. Stølselva er veldig lite synleg då elva ligg djupt i dalen og det er tett skog i området. Traktorvegen til Støylen kryssar elva på kote 270 og går deretter aust for elva. Elva er difor lite synleg og når ein nyttar vegen til støylen. Det er mange små fossefall i elva, men desse er ikkje synlege.

Ved bygging av kraftverket vil røyrгатetraseen påverke landskapet mest. Ein vil sjå at det er hogge ein trase for røyrгата i 20 m bredde frå kraftverket og opp til kote 275. Deretter dreiar dalen austover, og ein vil ikkje kunne sjå traseen vidare oppetter lia frå Åsane eller Mo.

Kraftverkstomta ligg i innmark, og det nye bygget vil bli tilpassa lokal byggeskikk.


Inntaket med bygging av 40m veg og ein betongdam på 12m vil mest sannsynleg ikkje vise frå vegen til støylen. Den ligg ca 100m nedstrøms brua til Indreåsstøylane og noko lågare, slik at den ikkje blir synleg for dei som går til Indreåsstøylane og Sandegga.



Figur 19: Støselva frå Åsane

Det vil bli ein reduksjon i INON sone 1-3 km frå inngrep som følgje av tiltaket.

INON sone	Areal som endrar INON status	Areal tilført frå høgare INON soner	Netto bortfall
1-3 km frå inngrep	0,9km ²	0	0,9 km ²
3-5 km frå inngrep	0	0	0
>5 km frå inngrep	0		0



Figur 20: Bortfall av inngrepsfrie områder. Inntak er merka med raudt

3.9 Kulturminne

Det er eit gammalt Kvernhus (Anno 1846) i Støselva ved Slåttebrua (vegbrua til Slåttene). Rørgatetraseen kjem ikkje i konflikt med denne lokaliteten. Nedanfor Slåttebrua er det restar etter to andre kvernhus og ei oppgangssag, heller ikkje desse blir påverka av tiltaket.

I Askeladden databasen er det ikkje avmerkt automatisk freda kulturminne i dette området.

Fylkeskommunen har ikkje vore på synfaring på staden, men ei avklaring med dei vert teke samstundes med detaljplanlegging av kraftverket.

3.10 Jord- og skogressursar

Det er 10 gardsbruk på Åsane, av desse er det 4 som driv med jordbruk på heiltid. Det er sauehald og mjølk og kjøttproduksjon som er hovudaktivitetane. Det er knytt ca 4,4 Årsverk til jordbruket til saman for tiltakshavarane til prosjektet. I tillegg kjem jordbruket på Ytre Åsane med 3 årsverk.

Dei gardane som ikkje er i aktiv drift paktar bort jorda til dei som driv aktivt i dag. Nedre delar av tiltaksområde blir nytta til beite for storfe, medan dei øvre delane blir nytta til beite for sau. I tillegg

blir det tatt ut noko skog og ved i tiltaksområdet. Etter anlegget er sett i drift vil kun stasjonsbygget og atkomstvegen til stasjon og inntak bli areal som vert lagt beslag på i forhold til dagens situasjon.

Ei kraftutbygging vil kunne gje landbruket fleire bein å stå på, og vere med på å styrke næringsgrunnlaget til gardane. Tiltaket vil ikkje påvirke nokre areal forøvrig.

3.11 Ferskvassressursar

Gardane på Åsane har private brunnar som vassforsyning. Stølselva blir nytta som reserve vasskjelde til brunnane i turkeperiodar, og som hovudvasskjelde til to fritidsbustader.

Kraftverket vil stå når vassføringa er under 110 l/s (90 l/s minste driftsvassføring + minstevassføring 20 l/s). Dette, saman med tilsig frå restfeltet vil sikre at det er nok vatn i elva til drikkevatt også under turre forhold. Under slike forhold blir vassføringa i elva som før.

Under normal drift vil minstevassføring og resttilsig vere tilstrekkelig til å forsyne hyttene og eventuelle andre som treng uttak frå elva.

Dei som nyttar elva som drikkevassforsyning er underretta om tiltaket og samtykker til tiltaket. Det er ikkje venta endringar i vasskvalitet som følgje av tiltaket.

3.12 Brukarinteresser

Det er i hovudsak hjort det blir jakta på i dette området. Det er kombinasjon av bøjakt postering/ jag og snikjakt som blir dreve. Tidlegar har det vore jakta litt Canadagås langs Åsvatnet og litt skogsfugljakt/harejakt i heimeutmarka/stølsutmarka samt rypejakt i nedslagsfeltet ovanfor stølsområdet. Pga lite småvilt vart denne freda frå 2009.

Åsvatnet blir nytta ein del til friluftsliv (bading, grilling, fising, skøyter osv.) Elles blir området langs elva/stølsvegen brukt ein del til bær/sopp plukking og av turgåarar. Det er ein del som går frå indre Åsen til Sandegga. Indre Sunnfjord Turlag har årleg ein organisert tur her.

Åsvatnet er eit overbefolka fiskevatn som blir fiska for lite i. Lisjevatnet som er i nedslagsfeltet ovanfor støylane er også på veg til å bli overbefolka. Fiske foregår stort sett i desse vatna med stang, oter og garn, samt ein del i Hulda som går frå Åsvatnet til Huldefossen. Tidligare kunne det bli fiska ein sjeldan gang i kulpane i Stølselva.

Etter at anlegget er ferdig vil det ikkje gi nokon endringar i bruken av området. Røyrgate traseen vil bli tilsådd og arrondert slik at terrenget får tilbake si opphavlege form. Røyrgatetraseen vil i dei øvste partia delvis fylgje eksisterande stølsveg etter inngrepet vil bli noko endra, men heller til det betre. Kraftstasjonen vil ligge i eit område som er hogd med tanke på ungfedrift og er ellers omkransa av tett skog.

3.13 Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området

3.14 Reindrift

Det er ikkje reindriftingsinteresser i området. To reinsdyrflokkar har blitt sett ut i området av Sunnfjord Reinsdyrslag, som er eit andelslag av alle som har beiterettar i området, men det er ikkje knytt reindriftingsinteresser til desse.

3.15 Verknadene på samfunnet

Kraftverket vil kunne gi bidrag til næringsgrunnlaget for heiltids og deltidsbøndene som er fallrettseigarar og eigarar av kraftverket. Det vil også auke skatteinngangen i Førde kommune via eigedomsskatt, selskapsskatt og person skatt.

